

Jnr. 1015.19  
GJG/rr

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Att: Statsråd Monica Mæland

### TILLEGGSUTTALE TIL KOMMUNEDELPLAN E39 STORD-OS

Samarbeidsrådet for Sunnhordland oversendte 19 januar 2017 høyringssvar – statleg kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Stord-Os til Statens vegvesen region vest (brevet ligg vedlagt).

Samarbeidsrådet for Sunnhordland drøfta saka på nytt 1 februar d.å og ønskjer å koma med følgjande tilleggsuttale:

1. Ferjefri kyststamveg E39 Stord – Os vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet, og er eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Fastsambandet Hordfast må difor på plass snarast råd. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er glad for at arbeidet med kommunedelplan på prosjektet snart er klar, og at ein skal inn i neste fase med detaljregulering. Me ser det som avgjerande at ein kjem vidare i planleggingsfasen for at dette viktige prosjektet skal realiserast innan rimeleg tid. I tillegg er det viktig at kommunane i regionen endeleg skal få éin trasé å forholde seg til, i deira planlegging i kommunane.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser at det er svært små skilnader mellom alternativ B og alternativ F i høve til pris og ikkje prissette konsekvensar. For Samarbeidsrådet er det likevel viktig å peika på at alternativ F, med sørleg kryssing av Langenuen, gjev dei beste lokale og regionale effektane. Samarbeidsrådet vil visa til rapporten «Trafikk og trafikantnytte med ferjefritt samband til Kvinnherad», som er utarbeida av Norconsult for Sunnhordlandsambandet AS, basert på Statens Vegvesen sine modellar for utrekning av trafikantnytte. I tillegg vil me visa til arbeidet som er starta av Kvinnherad, Stord og Tysnes for å utgreia eit fast samband mellom Kvinnherad og E39 i Tysnes (Sunnfast). For å få størst effekt av prosjektet E39, ynskjer Samarbeidsrådet for Sunnhordland at kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtar å gå vidare med alternativ F som trase på E39 Stord – Os.

3. Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner staten òg bør stå for detaljregulering av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir berørt av prosjektet.

Uttalen er vedteken mot Fitjar sine røyster.

Sunnhordland, 4. februar 2019

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

Vedlegg: Høyringsvar frå 19.01.17

Kopi: Samferdselsdepartementet v/ samferdselsminister  
Statens vegvesen region vest  
Hordfast AS  
NHO Hordaland  
Hordaland fylkeskommune v/ samferdselssjef og fylkesordførar